

VEDTEKTER FOR FAU TJELDSTØ SKULE

§ 1. Foreldrerådet

Alle foreldre som har barn i skule, er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, leggja til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skapa kontakt mellom skule og lokalsamfunnet.

§ 2. Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) er eit arbeidsutval valt av foreldrerådet og er det utøvande organet for foreldrerådet. Fau er bindeleddet mellom foreldre og skulen. Fau skal sikra reell medverknad for foreldra og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

§ 3. Val og konstituering

Val av foreldrerepresentantar skjer klassevis på foreldremøte vår. Det skal veljas 14 representantar. 7 til Fau, 7 som er vararepresentantar til Fau og desse har også ansvar for og jobba med sosiale klassetiltak. FAU konstituerer seg på det første møtet og veljar leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og styremedlemmar. Samt representantar til det kommunal FAU og SU.

§ 4. Komitear

Det kan veljast underkomitear for FAU som arbeida med nærare definerte oppgåver eller prosjekt. (Det kan vera for eksempel skulevurdering, bruk av data i skulen, trafikksikringstiltak, eventyrskogen e.l)

§ 5. Møter

Fau skal ha møte ein gong i månaden etter fast møteplan eller når minst tre medlemmer krev det.

§ 6. Oppgåver

- Jobbe for godt skulemiljø
- Ta initiativ til sosiale aktivitetar for elvane
- Informera og høyre alle foreldre om aktuelle sakar
- Arrangera samlingar for foreldre og lærarar
- Samarbeide med elevrådet, SU, SMU, rektor og lærarar
- Skapa kontakt mellom skule og lokalsamfunn
- 17. mai

- Væra ein pådrivar for klassevise sosiale tiltak

§ 7. Økonomi

FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn på arrangement i regi av foreldrerådet/FAU. Bevillingar kan kunn gis til formål som kjem skulens elevar direkte til gode. Rekneskap skal leggjast fram på første foreldremøte haust.

§ 8. Taushetsplikt

Forvaltningslovens bestemmelsar om taushetsplikt gjeld for foreldrekontaktar og medlemmar av skulens rådsorgan. (Opplæringslova § 15-1)

§ 9. Endring av vedtekter

Vedtektene gjennomgåas ein gong i året. Forslag til endringar i vedtektene må sendast skriftlig til FAU. Endringane tas opp og vedtas/vedtas ikkje på møte i foreldrerådet.

§ 10. Signaturar og disposisjonar

Signerast kasserar

Prokura: leiar fau

Tjeldstø 17/9-18

Torje Martinussen

Fau - leiar

Linda Fosseland

Rektor